



Arkivsaknr: 2026/109-5
Sakshandsamar: Tonje Husum Aarland
Avdeling: Rådmann

SAKSFRAMLEGG

Utval

Kommunestyret

Tenesteavtale 11 - Samarbeid om helseberedskap

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til Tenesteavtale 11 – Samarbeid om helseberedskap slik den ligg føre.

Politisk behandling

Saka skal avgjerast i kommunestyre.

Saka gjeld

Godkjenning av lovpålagt samarbeidsavtale om omforeina beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjede.

Saksopplysningar

Bakgrunn

Kommunane er pålagt å inngå samarbeidsavtalar med spesialisthelsetenesta, jf. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2. Helseberedskapen skal verne liv og helse og bidra til at befolkninga kan få naudsynt helsehjelp og omsorgstenester i krise og krig.

Det er etablert 19 helsefellesskap med utgangspunkt i geografiske opptaksområde for helseføretaka der helseføretaka og kommunane i opptaksområdet møtast. Helsefellesskapa er ikkje ein juridisk eining, men ein arena for samhandling på ulike nivå. I helsefellesskapa møtast representantar frå kommunar og sjukehus, brukarar og lokale fastlegar for å

planlegge og utvikle tenester saman. Ein kan lese meir om Helsefellesskapet i vårt område på www.saman.no.

Vurderingsgrunnlag

Som eit ledd i gjennomføringa av samhandlingsreforma vart det lovpålagt å inngå lokale samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Føremålet med avtalane er å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket, og å etablere gode arenaer og rutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalane skal bidra til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Blant samarbeidsavtalane er det utarbeida overordna avtale, tenesteavtalar og særavtalar.

Tenesteavtale 11 har som føremål å vere ei overbygning for alle særavtalar og retningslinjer som omhandlar samarbeid om helseberedskap. For samarbeid i den akuttmedisinske kjede viser ein til eigen særavtale.

Partar

Avtalen er inngått mellom kommunane i Helse Bergen sitt føretaksområde, og Helse Bergen HF, Haraldsplass Diakonale Sykehus AS, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus AS, Solli distriktpsikiatriske senter, Betanien sykehus AS, og Voss Distriktpsikiatriske Senter NKS Bjørkeli (omtala spesialisthelsetenesta).

Vurdering

Tenesteavtalen er i tråd med gjeldande lovverk og Helsefellesskapet i bergensområdet sitt avtaleverk.

Kommunane og spesialisthelsetenesta har samarbeida om utarbeidinga av tenesteavtalen.

Avtalen er utarbeidd på oppdrag frå Strategisk samarbeidsutval (SSU). Tenesteavtalen vart godkjend i SSU sitt møte 11. juni 2026 (Sak 22-26).

Rådmannen si tilråding

Kommunestyret godkjenner og vedtek tenesteavtale 11 slik den ligg, etter vedtak i SSU i juni 2026.

Vedlegg

- 1 Handsaming og signering av Tenesteavtale 11 - Samarbeid om helseberedskap.pdf
- 2 Følgjeskriv Tenesteavtale 11 - Samarbeid om helseberedskap.pdf
- 3 Tenesteavtale 11_Samarbeid om helseberedskap.pdf